

Steinar Langedal
Langedal
6940 EIKEFJORD

200802650-18
KSK/BTH

Langedal, 17. juni 2013

NVE
Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Langedal kraftverk - Flora kommune, Sogn og Fjordane fylke

Merknader til konsesjonssøknad

Viser til kunngjering frå NVE, datert 18. mars 2013, vedr. søknad om løyve til bygging av ti småkraftverk i Flora kommune, der iblant Langedal kraftverk. Ifølgje kunngjeringa er høyringsfristen 21.06.2013.

Underteikna er eigar av gnr. 61 bnr. 1 i Flora kommune og er eigar av deler av elvestrekninga nedanfor planlagd kraftstasjon. Etter å ha lese gjennom konsesjonssøknaden og vedlegg til denne, konstaterer eg at det ikkje er nemnt med eitt ord kva verknader den planlagde kraftverktutbygginga vil ha på gyteforholda i elva nedanfor kraftstasjonen. Dette forundrar meg. Kva er motivet?

Langedalselva/Sørelva, heilt frå planlagd kraftstasjon og til elva renn saman med Storelva, ei lengde på 2 – 3 km, er rekna for ei svært god gyteelv for laks. Fagfolk på området har undersøkt elva og gjort ein slik konklusjon. Osen-Vestre Hyen elveeigarlag set difor årleg ut yngel på denne elvestrekninga.

All erfaring viser at i vassdrag med elvekraftverk vert gyteforholda vesentleg reduserte. Det er ei allmenn haldning i samfunnet at villaksen må takast vare på. Ved å tillate bygging av kraftverk i gode gyteelvar, oppnår ein det motsette. Difor bør det, etter mi meining, ikkje byggast kraftverk i slike vassdrag. Når ein vil ta vare på villaksen, må også offentlege instansar vise dette i praksis.

Ei anna forhold i denne saka som vil ha ein stor negativ verknad, er det reint visuelle med omsyn til Langedalsfossen. Dette er ein karakteristisk og godt synleg foss, både for fastbuande og for forbifarande på RV 5. Ei kraftutbygging vil medføre at fossen meir eller mindre vert usynleg heile året.

Etter mi meining kan ikkje føreliggande konsesjonssøknad godkjennast. Det minste ein må kunne forlange er ein rapport om kva verknader ei kraftutbygging vil ha på gyteforholda i elva. Ein slik rapport må utarbeidast av nøytrale fagfolk, ikkje av personar som er kjøpte og betalte av utbyggjar.

Med helsing


Steinar Langedal